



Tur til Skausnøya 21.april 2017.

På fredag vert det turdag for elevane. Me har gjort det til ein tradisjon at me ein gong i året går til Skausnøya. Det vert lunsj og aktivitetar på toppen. Me vil at elevane ved skulen skal få oppleva dei flotte områda me har i nærområdet vårt. Me planlegg å bruka heile dagen. Har de som føresette lyst å vera med, så er du hjarteleg velkommen.

Dei yngste elevane, 1.-4 klasse vert køyrd av lærarar. Ta med bilpute dersom ditt barn treng det. Elevane vil vera attende til skulen i god tid før skulebussen kjører 14.25.

Dei største elevane, 5.-7. klasse, syklar Skauegen til stien opp til Skausnøya og møter der til kl. 9. Nora syklar saman med dei i 5.-7. som møter på skulen. Dei som vil kan møte direkte. Dei syklar frå skulen kl. 8.40. Dei som syklar, kan sykla heim etter turen dersom det er avtala med føresette. Føresette sender i så tilfelle ein beskjed til kontaktlærar.

Stien går i myr nokre stader, og støvlar eller fjellsko er rett fottøy. La borna ha lette turklær på seg, gjerne med ekstra genser i sekken. Ha med niste og drikke. Me opnar for å ta med kakao til turen, men elles ei sunn nistepakke. Hugs vatn. Ta med turkort om du har eit.



Helsing personalet ved Myking skule